

Tusenårsstaden – Radøys mest attraktive friluftsområde



Nydeleg utsikt frå Solendfjellet. Det er mogleg køyra opp her med bil. Staden er tilrettelagt med benkar.



Turstiane er tilrettelagt med gjerdeklyv, «kissing gate» og er delvis skilta. Det ligg føre planar om å gjennomføra merking og gradering etter nasjonal standard.



Det er ikkje så rart at radværingane meiner at tusenårsstaden er det mest attraktive friluftsområdet i Radøy kommune. Her utsikt og solnedgang frå Nøttveitveten.



Gapahuk på Morkefjellet, det høgaste fjellet i Radøy (217 moh). Ein liknande gapahuk er også sett opp på Nøttveitveten.



Kvart år vert det gjennomført trefjellsmarsj over Solendfjellet, Nøttveitveten og Morkefjellet. Biletet viser fire av deltakarane på toppen av Nøttveitveten.



Undervegs kan ein oppleve ein kunstinstallasjon – ei brakehytte som kunstnaren Aud Bækkelund frå Kvam står bak. På biletet ser me 9. klasse på Radøy ungdomsskule, som brukte litt av ein skuledag på å restaurera» brakehytta saman med kunstnaren.



Nydeleg kulturlandskap på Morken. Kashmirgeiter beitar og held landskapet ope.



Kashmirgeiter pleier landskapet.